

Saksframlegg

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/493-1

Nytt val av brukarrepresentant til brukarutvalet i Sogn og Fjordane

Medlemmene i fylkesrådet for eldre valde i møte 7. februar som medlem i brukarutvalet i Sogn og Fjordane.

Vedlegg:

Brukarmedverknad på systemnivå i Helse Vest - retningslinjer for brukarutval

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Møteprotokoll frå 6. september

SAKSFRAMSTILLING

I møte 6. september vart Kristoffer Skjolden valt som brukarrepresentant. Kristoffer Skjolden er også valt som brukarrepresentant i brukarutvalet til Helse Vest. Det må veljast ny representant til brukarutvalet, sidan same person ikkje kan vere med i fleire brukarutval.

Det står utfyllande informasjon om vilkår for val av brukarrepresentantar i pkt. 3 for samansetning: *Brukarrepresentantane bør som hovudregel ikkje vere medlem av andre brukarutval i Helse Vest.*

Sjå elles vedlegg «*Brukarmedverknad på systemnivå i Helse Vest - retningslinjer for brukarutval*»